
Fra: Langaas Guri [mailto:Guri.Langaas@flora.kommune.no]
Sendt: 12. desember 2013 09:46
Til: Postmottak KR D
Emne: Endra høyring sak 13/1969

Viser til epost sendt 25.11.13, der høyringsuttale frå Kultur- og oppvekstutvalet i Flora kommune vart sendt inn, og der vi også viste til ny behandling av uttalen i bystyret den 3. desember. Flora bystyre gjorde nytt vedtak til høyringsuttale:

BYST-149/13 VEDTAK:

1. *Flora kommune støttar at påvirkningsorgan for ungdom vert fastsett gjennom særbestemmelse i kommunelova, at ordninga vert fastsett etter same prinsipp som for eldre og funksjonshemmede, og at detaljar om ordninga vert fastsett delvis i forskrift, delvis på kommunalt nivå. (Høyringsnotatet alt. A)) (konsekvens: "Ei ny lov om medverknad" vert endra til "kommunelova") i pkt 4)*
2. *Medverknaden til ulike grupper kan bli samordna, men ikkje meir enn at samansetnaden av og valet til dei ulike gruppene kan skje på ulik måte og at dei ulike råda vil ha ulik arbeidsmåte. Det må vere opp til den einskilde kommune å avgjere korleis arbeidet skal leggjast opp.*
3. *Flora kommune sin erfaring har vist at forutsetninga for å ha eit godt, velfungerande og aktivt ungdomsråd er følgjande:*
 - 3.1 *Det må med direkte val på skulelister, og på "frie lister" sett opp av politiske ungdomsorganisasjonar og andre grupper, og med ein demokratisk valmåte som liknar valet til det ordinære bystyret. Det må framleis vere slik at ungdom frå 13 til 19 år kan velje og bli valde slik at alle elevar i vidaregåande skulealdre kan delta. Dette må skje ved demokratiske val.*
 - 3.2 *Kommunen må syte for at det er ein rådmannsfunksjon i ungdomsråda som legg til rette saker og tar seg av administrative oppgåver slik at ungdom får dei beste forutsetningar til å bli høyrd.*
4. *Flora kommune vil at representantar frå UB kan delta i kommunale organ som bystyre, hovudutval, formannskap mv., med tale og framleggsrett, og at dette blir innarbeidd i ei ny lov om medverknad i den grad kommunestyra vil opne for dette.*
5. *Bestemmelse i lov og sentral forskrift bør åpne for, men ikkje påby, at kommunen kan gje påvirkningsorgana sjølvstendig avgjerds- og løyving Smynde.*

Saka ligg og vedlagt!

Med helsing

Guri Langaas

Kommunalsjef Flora kommune

Epost: guri.langaas@flora.kommune.no

Tlf. 5775 6201

Mob. 41530113



Saksgang	Møtedato	Saknr
Kultur- og oppvekstutvalet	20.11.2013	052/13
Bystyret	03.12.2013	149/13

Sakshandsamar:
Edvin Helgheim

Arkiv: K1-401, K1-006, **Arkivsaknr**
K3-&76 12/342
Objekt:

UNGDOM, MAKT OG MEDVERKNAD

Kva saka gjeld:

Kommunal- og regionaldepartementet har sendt ut til høyring eit notat om lovfesting av medverknad for ungdom. Det kan bli aktuelt å lage ei felles lov for medverknad for ungdom, eldre (Eldrerådet) og menneske med nedsett funksjonsevne (Rådet for funksjonshemma). Departementet ønsker ei vurdering av behovet for ei slik lov og av korleis ungdomsmedverknad fungerer i kommunane.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Flora kommune støttar at det blir laga ei ny lov om medverknad frå ulike grupper i det politiske arbeidet, og at politisk medverknad for ungdom blir lovfesta gjennom ei slik lov.
2. Medverknaden til ulike grupper kan bli samordna, men ikkje meir enn at samansetnaden av og valet til dei ulike gruppene kan skje på ulik måte og at dei ulike råda vil ha ulik arbeidsmåte.
3. Flora kommune har eit godt fungerande Ungdommens bystyre (UB) som har betydd mykje for det politiske engasjementet mellom ungdom. Flora kommune vil gjerne halde fast på valmåten til UB slik den no er, med direkte val på skulelister, og på "frie lister" sett opp av politiske ungdomsorganisasjonar og andre grupper, og med ein valmåde som liknar valet til det ordinære bystyret. Det må framleis vere slik at ungdom frå 13 til 19 år kan velje og bli valde slik at alle elevar i vidaregåande skule-alder kan delta.
4. Flora kommune vil at representantar frå UB kan delta i bystyret og hovudutvala med tale og framleggsrett, og at dette blir innarbeidd i ei ny lov om medverknad.

20.11.2013 KULTUR- OG OPPVEKSTUTVALET

Framlegg:

Framlegg frå Venstre v/leiar Odd Bovim

- 1) Endre pkt 1: støtter at påvirkningsorgan for ungdom vert fastsett gjennom særbestemmelse i kommunelova, at ordninga vert fastsett etter same prinsipp som for eldre og funksjonshemmede, og at detaljar om ordninga vert fastsett delvis i forskrift, delvis på kommunalt nivå. (Høringsnotatet alt. A)) (konsekvens: "Ei ny lov om medverknad" vert endra til "kommunelova") i pkt 4)
- 2) Ny setning på slutten av pkt. 2: "Det må vere opp til den einskilde kommune å avgjere korleis arbeidet skal leggjast opp."
- 3) Pkt. 4: "bystyre og hovudutval" vert endra til "kommunale organ som bystyre, hovudutval, formannskap mv.,
- 4) til pkt. 4: "... i den grad kommunestyra vil åpne for dette."
- 5) Nytt punkt: Bestemmelse i lov og sentral forskrift bør åpne for, men ikkje påby, at kommunen kan gje pavirkningsorgana sjølvstendig avgjerds- og løyvingsmynde.

Framlegg frå repr.Mathias Stang,AP:

Tillegg pkt.3:

Dette bør skje ved demokratiske val.

Kommunen bør også syte for rådmannsfunksjon i ungdomsråda.

Røysting:

Framlegget frå Venstre v/Bovim vart sett opp mot rådmannen si tilråding, der Venstre v/Bovim sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegget i pkt.3 frå Stang vart samrøystes vedteke.

KUOP-052/13 VEDTAK:

1. Flora kommune støttar at påvirkningsorgan for ungdom vert fastsett gjennom særbestemmelse i kommunelova, at ordninga vert fastsett etter same prinsipp som for eldre og funksjonshemmede, og at detaljar om ordninga vert fastsett delvis i forskrift, delvis på kommunalt nivå. (Høringsnotatet alt. A)) (konsekvens: "Ei ny lov om medverknad" vert endra til "kommunelova") i pkt 4)
2. Medverknaden til ulike grupper kan bli samordna, men ikkje meir enn at samansetnaden av og valet til dei ulike gruppene kan skje på ulik måte og at dei ulike råda vil ha ulik arbeidsmåte. Det må vere opp til den einskilde kommune å avgjere korleis arbeidet skal leggjast opp.

3. Flora kommune har eit godt fungerande Ungdommens bystyre (UB) som har betydd mykje for det politiske engasjementet mellom ungdom. Flora kommune vil gjerne halde fast på valmåten til UB slik den no er, med direkte val på skulelister, og på "frie lister" sett opp av politiske ungdomsorganisasjonar og andre grupper, og med ein valmåde som liknar valet til det ordinære bystyret. Det må framleis vere slik at ungdom frå 13 til 19 år kan velje og bli valde slik at alle elevar i vidaregåande skule-alder kan delta.
4. Flora kommune vil at representantar frå UB kan delta i kommunale organ som bystyre, hovudutval, formannskap mv., med tale og framleggsrett, og at dette blir innarbeidd i ei ny lov om medverknad i den grad kommunestyra vil opne for dette.
5. Bestemmelse i lov og sentral forskrift bør åpne for, men ikkje påby, at kommunen kan gje påvirkningsorgana sjølvstendig avgjerds- og løyvingsmynde.

03.12.2013 BYSTYRET

Framlegg:

Framlegg frå Repr.Nødseth og Eliasson:

1. Som frå KUOP
2. Som frå KUOP
3. Som frå KUOP
4. Flora kommune vil at ulike lovfesta særråd, som ungdommens bystyre, får ein lovfesta rett til å orientere i kommunestyre, faste utval og formannskap som eiga sak på saklista, før dei andre sakene vert handsama. Det er viktig at ordskiftet i dei politiske organa, særleg i kommunestyret, er forbeholdt dei folkevalde representantane, samt rådmannen med dei rettar rådmannen i dag har etter koml.§ 23.
5. Som KUOP , men med tillegg: Slik avgjerds- og løyvingsmynde vil gjelde avgrensa mindre saker som direkte gjeld dei brukargruppene som er tenkt styrka gjennom særrådet og som ikkje bør handsamast av eit av dei ordinære faste politiske utvala elles i kommunen. Det er til dømes naturleg at for eksempel eldrerådet kan råde over kulturmidlar for eldre, men mindre naturleg at eldrerådet åleine får tildelegert ansvar for korleis innahldet i eldreomsorga skal vere. Dette bør avgrensast i lova.
6. Flora kommune meiner lovfesting ikkje åleine vil legge forholda til rette for at t.d.ungdom engasjerer seg. Ei aktiv og målretta oppfølging og integrering i den politiske kvardagen for øvrig, er minst like viktig.

Framlegg frå Repr.Mathias Stang,AP:

Flora kommune sin erfaring har vist at forutsetninga for å ha eit godt, velfungerande og aktivt ungdomsråd er følgjande:

- 1.1 Det må med direkte val på skulelister, og på "frie lister" sett opp av politiske ungdomsorganisasjonar og andre grupper, og med ein demokratisk valmåde som liknar valet til det ordinære bystyret. Det må framleis vere slik at ungdom frå 13 til 19 år kan velje og bli valde slik at alle elevar i vidaregåande skulealdre kan delta. Dette må skje ved demokratiske val.
- 1.2 Kommunen må syte for at det er ein rådmannsfunksjon i ungdomsråda som legg til rette saker og tar seg av administrative oppgåver slik at ungdom får dei beste forutsetningar til å bli høyrd.

Steindal,AP ber om gruppemøte.

Etter gruppemøte endra Nødseth og Eliasson sitt pkt.3 til å være som Stang sitt nye pkt.3.

Røysting:

Pkt.1 og 2 vart samrøystes vedteke som tilrådd frå KUOP.

Pkt.3 : Framlegget frå Stang til nytt pkt.3 vart vedteke med 33 mot 2 røyster.

Pkt.4: Tilrådinga frå KUOP vart sett opp mot framlegget frå Nødseth og Eliasson der KUOP si tilråding vart vedteken med 33 mot 2 røyster.

Pkt.5: Tilrådinga frå KUOP vart sett opp mot framlegget frå Nødseth og Eliasson der KUOP si tilråding vart vedteken med 33 mot 2 røyster.

Framlegget frå Nødseth og Eliasson til pkt.6 fall mot 2 røyster.

BYST-149/13 VEDTAK:

1. Flora kommune støttar at påvirkningsorgan for ungdom vert fastsett gjennom særbestemmelse i kommunelova, at ordninga vert fastsett etter same prinsipp som for eldre og funksjonshemmede, og at detaljar om ordninga vert fastsett delvis i forskrift, delvis på kommunalt nivå. (Høringsnotatet alt. A)) (konsekvens: "Ei ny lov om medverknad" vert endra til "kommunelova") i pkt 4)
2. Medverknaden til ulike grupper kan bli samordna, men ikkje meir enn at samansetnaden av og valet til dei ulike gruppene kan skje på ulik måte og at dei ulike råda vil ha ulik arbeidsmåte. Det må vere opp til den einskilde kommune å avgjere korleis arbeidet skal leggjast opp.
3. Flora kommune sin erfaring har vist at forutsetninga for å ha eit godt, velfungerande og aktivt ungdomsråd er følgjande:
 - 3.1 Det må med direkte val på skulelister, og på "frie lister" sett opp av politiske ungdomsorganisasjonar og andre grupper, og med ein demokratisk valmåte som liknar valet til det ordinære bystyret. Det må framleis vere slik at ungdom frå 13 til 19 år kan velje og bli valde slik at alle elevar i vidaregåande skulealdre kan delta. Dette må skje ved demokratiske val.
 - 3.2 Kommunen må syte for at det er ein rådmannsfunksjon i ungdomsråda som legg til rette saker og tar seg av administrative oppgåver slik at ungdom får dei beste forutsetningar til å bli høyrd.
- 4 Flora kommune vil at representantar frå UB kan delta i kommunale organ som bystyre, hovudutval, formannskap mv., med tale og framleggsrett, og at dette blir innarbeidd i ei ny lov om medverknad i den grad kommunestyra vil opne for dette.
- 5 Bestemmelse i lov og sentral forskrift bør åpne for, men ikkje påby, at kommunen kan gje påvirkningsorgana sjølvstendig avgjerds- og løyvingsmynde.

Terje Heggheim,
rådman

Guri Langaas
kommunalsjef

Innleiing:

Det Kongelege kommunal- og regionaldepartement (Krd) har sendt ut eit høyringsnotat om "lovfesting av merdivirkningsordning for ungdom". Det blir vist til at eldre og personar med nedsett funksjonsevne har lovfesta rett til medverknad, og at ungdom bør ha det same. I praksis har ni av ti kommunar ei form for medverknad gjennom t.d. eit ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre, men det er stor variasjon i korleis dette er lagt opp.

I NOU 2011:20 "Ungdom, makt og medverknad" foreslår utvalet at det bør komme nasjonale retningslinjer for kommunale ungdomsråd, men at dei ikkje skal lovfetast. Men regjeringa går, etter ei høyringsrunde, inn for å "en merdivirkningsordning for ungdom i alle kommuner og fylkeskommuner". Det er då aktuelt å samordne medverknad frå ulike grupper i eit større lovprosjekt.

På denne bakgrunnen sender KRD ut dette høyringsnotatet, der ein ber om å få inn erfaringar med ungdomsmedverknad i dei ulike kommunane, korleis dette er organisert og kva ein meiner den lovfesta medverknadsordninga bør innehalde.

Sjølv om utgangspunktet er å laga ei samla lov for medverknad frå ulike grupper, t.d. råd for funksjonshemma og elderråd, vil val og samansetnad av desse råda blir ulik og kan òg ha ulike former for medverknad.

I Flora er Ungdommens bystyre godt innarbeid, og der valordninga er tilnærma lik val til det ordinære bystyret, og dei unge har stor innverknad på samansetnaden. Dei andre råda i kommunen er samansette på andre måtar og representantane er i prinsippet indirekte valde eller er utpeika. Når representantar for desse råda møter i politiske organ, har dei hatt litt ulike rettar, og berre UB er representert i bystyret (og i formannskapet, som observatørar).

I Møte- og delegeringsreglementet er UB sine rettar i andre politiske organ definerte slik:

1.3.1 MØTE-, TALE OG FORSLAGSRETT I ANDRE ORGAN

Representantar for UB har møterett i bystyret, Kultur- og oppvekstutvalet, Helse- og sosialutvalet og Plan- og miljøutvalet. UB kan stille med 2 representantar som har møte- og talerett. Ved framlegg frå UB i desse organa, skal framlegget leggast fram av møteleiar og takast til votering. Ein representant frå UB kan møte i formannskapet med møte- og observatørstatus.

Sjå elles notat frå ungdomsordførar Vebjørn Dolve som gjev ei god innføring i valet til UB og korleis UB arbeider, og med viktige synspunkt på ungdoms medverknad i det politiske arbeidet i Flora – frå eit ungdomsperspektiv.

Vurdering:

Notatet frå ungdomsordføraren er avklarande og peikar på vesentlege problemstillingar, m.a. det tilhøvet at UB må ha ei administrativt forankring hos rådmannen som kan sikre gode arbeidsvilkår og støtte det når ungdomsengasjementet skrantar, slik det ser ut til å gjere no.

Då kapittelet om UB var oppe til handsaming i bystyret i samband med at Møte og delegeringsreglementet vart revidert, var det stort engasjement frå politikarhald for å ta vare på UB sine formelle rettar og sjanse til å påverke i dei andre politiske organ UB deltar i. Bystyret ønskte vel eigenleg å gå lenger enn det som ligg i vedtaket, t.d. når det gjeld deltaking i bystyret, men tok omsyn til dei avgrensingar som ligg i Kommunelova med sine tolkingar. Dersom bystyret ønskjer å gje UB større rettar, kan det no skje med å påverke innhaldet i den nye lova om medverknad, slik at den oppnar opp for meir direkte deltaking.

Men UB er ikkje valde til korkje hovudutvala eller bystyret og vil ikkje kunne ha noko direkte rett til å delta i avgjerdene. Det kan dei der dei sjølv er direkte valde, i UB, og det vil vere hovudarenaen for politisk medverknad: Der kan dei gjere vedtak og komme med uttalar om saker som er oppe i andre politiske organ. Derfor må UB i seg sjølv gjerast til eit mest mogeleg kraftfullt organ, med sikker administrativ støtte.

Denne saka handlar om ungdomsmeverknad. Det blir ikkje no teke standpunkt til om Eldrerådet eller Rådet for funksjonshemma skal veljast og fungere på ein annan måte, eller kva rettar desse råda skal ha i andre politiske organ. Det vil vise seg om ei slik samordning kjem i ei ny lov.

I vedtaket er det lagt opp til at Flora kommune ønsker å halde på same valmåten som no, med direkte val på "frie lister" for knapt halve UB. Dersom det viser seg at det er vanskeleg å samle nok engasjement rundt slik lister, slik det gjer akkurat no, kan det vere aktuelt å sjå på andre valmåtar for å sikre god representasjon seinare.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen direkte økonomiske konsekvensar ut over det som no ligg i drifta av Ubngdommens bystyre og møtegodsgjersle i samband med møte i UB og andre politiske organ.

Prenta/uprenta vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
1	I	03.02.2012	Det kongelige barne- likestillings- og inkluderingsdepartemen t	Invitasjon til høring - NOU 2011:20. Ungdom, makt og medvirkning	
2	I	20.08.2013	Det kgl. Kommunal- og regionaldepartement	Lovfesting av medvirkningsordning for ungdom - Høring	
4	I	12.11.2013	Vebjørn Dolve	Ungdomsmedvirkning	
5	U	25.11.2013	postmottak@krd.dep.no	Høring sak 13/1969	

,